

Resolusjon om TTIP vedteke i Europaparlamentet i dag

- *Europaparlamentets resolusjon om TTIP vedteke med 436 mot 241 stemmer 8. juli*
- *Ynskje om marknadstilgang til USA, men å halde fast på europeiske standardar*
- *Kompromiss om å erstatte privat tvisteløysing med eit nytt system basert på offentleg oppnemnde dommarar*
- *Dei meir enn 60 innlegga i debatten i forkant av avrøystinga viste store skilnadar i synet på kva TTIP faktisk vil bety.*

Med eit kompromiss om eit nytt system for tvisteløysing i botn, vedtok Europaparlamentet i dag, 8. juli, sin resolusjonen om eit Transatlantisk Handels- og Investeringspartnerskap (TTIP) med 436 mot 241 stemmer og 32 blanke. Resolusjonen er Europaparlamentets innspel til Kommisjonen i samband med forhandlingane med USA. Debatten og avrøystinga om TTIP vart utsett i juni og avstemminga i dag kom etter at den sosialdemokratiske gruppa (S&D) 29. juni samde om eit kompromiss knytt til tvisteløysing.

Saksordførar i Utanrikshandelskomiteen (INTA) Bernd Lange (S&D, Tyskland) sa i ein kommentar etterpå at resolusjonen vart vedteke med eit fleirtal på 61% og at den gjev klar retning for og stiller klare krav til TTIP. Han la vekt på at Parlamentet krev vern om kulturelt mangfald, retten til å vidareføre fastprisar for bøker, klare reglar for tenester av allmenn interesse, personvern, at berre kommersielle tenester på ei positiv liste skal inkluderast og klare krav om arbeidstakarrettar og at amerikanske selskap må følgje europeiske arbeidsmiljølov i Europa. Han sa også privat tvistløysing nå er historie og at Parlamentet ikkje vil kunne støtte slik tvisteløysing i frihandelsavtalen med Canada. Sjå også pressemeldinga frå Europaparlamentet med overskrifta «[Ease access to US market, protect EU standards, reform dispute settlement](#)»

Som venta var det mange som ville ha eit ord med i laget da Europaparlamentet drøfta TTIP tysdag i forkant av avrøystinga. Dei meir enn 60 innlegga i debatten kan grovt delast i tre grupper – sterke tilhengjarar av TTIP og som avviser uroa om negative effektar, tilhengjarane av TTIP på visse vilkår, og dei som er mot TTIP generelt og alle former tvisteløysing spesielt.

[Kompromisset for ISDS](#) seier at ein skal erstatte tradisjonell investor-stat tvisteløysing (ISDS) (som finnes i minst 1500 eksisterande europeiske investeringsavtaler) med eit nytt system basert på offentleg oppnemnde dommarar. Dette er i tråd med eit framlegg som handelskommissær Malmström også har fremma, men i motsetning til den opphavlege teksten INTA vedtok, viser ikkje teksten som vart vedtek i dag direkte til Malmströms framlegg. Kompromisset vart vedteke med 447 mot 229 stemmer og 30 blanke og hadde dermed fleire tilhengjarar enn den endelege resolusjonen.

Parlamentarisk leiar for S&D, [Gianni Pittella kommenterte i eit intervju med Euractiv 3. juli kompromisset](#) og sa at ISDS er død. Euractiv skreiv 7. juli at [presidenten for det amerikanske handelskammeret](#) seier ISDS langt frå er død. Dette synet får støtte i eit [innlegg frå Transport&Environment](#) som seier S&D-gruppa pyntar på sanninga i denne saken. I debatten i Parlamentet tysdag vart det også vist til at det er urealistisk å tru USA

vil gå med Malmströms modell. Den konservative gruppa (EPP) sa ei form for tvisteløysing for investorar er ein nødvendig del av TTIP.

Blant tilhengjarane av TTIP var det uro for at Europaparlamentet skulle gjere seg irrelevante enten ved å vedta ein svak posisjon eller at posisjonen skulle kome for seint inn i debatten. Malmström sa i debatten tysdag at det er viktig for resultatet å få ein posisjon frå Parlamentet nå, men at ho også ville halde fram med å konsultere med Parlamentet framover.

Saksordførar Lange snakka ikkje minst til TTIP-skeptiske partifeller når han i sitt innlegg la vekt på at TTIP skal bidra til å sikre eit høgt nivå på standardar for t.d. arbeidstakarrettar, miljø og personvern i ei globalisert verd. Retten til å regulere og statens rett til å yte og organisere grunnleggjande tenester som helse og utdanning, kan og skal det ikkje forhandlast om sa han. Malmström var også opptatt av å understreke dette desse aspekta og la samstundes vekt på at TTIP er viktig for vekst og sysselsetting og at det ikkje minst er SMB som vil nyte godt av ein avtale.

Saksordførarane i andre komitear som har gjeve innspel til INTA, støtta i hovudsak ideen om TTIP, ikkje minst for å sikre europeiske standardar i konkurranse med land i t.d. Asia. Jeppe Kofod (S&D, Danmark) frå Finanskomiteen minna om at TTIP ikkje er eit mål i seg sjølv, men eit verkemiddel for vekst og sysselsetting. Fleire la også vekt på TTIP i ei geopolitisk samanheng og at debatten må vere basert på fakta. Mange var opptekne av å understreke at det er viktig med open diskusjon og transparens om forhandlingane. TTIP ikkje må sette retten til å regulere i fare, eller svekke standardar for t.d. arbeidstakarar og kjemikalie eller svekke retten til å støtte kultur og ulike former for audiovisuelle tenester. Landbrukskomiteen la vekt på at marknadstilgang for europeiske landbruksprodukt er viktig, men at dette ikkje må skje gjennom å opne for import av mat frå GMO eller klona dyr. Det er også viktig å sikre vidareføring av geografiske indikatorar for europeiske spesialitetar.

Motstand til TTIP kom både frå den sosialistiske venstregruppa (GUE/NGL), Dei grønne og frå dei to ytre høgre gruppene EFDD (som mellom anna omfattar britiske UKIP) og den nystarta ENF (med franske Nasjonal Front som sentralt medlem). GUE åtvare mot ein konfronterande haldning mot Kina og andre gjennom å snakke om transatlantiske standardar. GUE sa også til at det som blir omtalt som handelshindringar eigentleg er demokratiske sigrar som ikkje kan og bør fjernast eller utfordrast gjennom ISDS. Dei grønne sa EU alt har frihandel med USA og ikkje treng TTIP og at diskusjonen djupast sett handlar om ein vil at statar skal kunne bli tatt for retten av private aktørar. EFDD teikna eit bilete av ein avtale som vil føre til redusert velstand for europeiske arbeidstakarar og fri import av klora kylling og produkt med farlege kjemikalie. ENF sa det verka som dei store partia er redd for ei open og demokratisk debatt om TTIP, jf. utsettinga av debatten og avrøystinga i juni.

Kommentar

Medan det i juni var stor merksemd om den utsette avrøystinga i EP og om posisjonen til S&D-gruppa, vart TTIP-resolusjonen i dag sett i skuggen av krisen i Hellas og at den greske statsministeren talte i Plenum. Utsettinga av avrøystinga resulterte i ein annan ordlyd enn det som vart vedteke i INTA, men er mindre konkret enn denne. Det er derfor ikkje klart at den endelege teksten er ein så stor siger for S&D-gruppa som dei ynskjer å

presentere den for. I tillegg står det att å sjå om USA vil gå med på denne modellen når det kjem til stykket.

Neste forhandlingsrunde mellom EU og USA er alt 13. – 17. juli i Brussel. Ein endeleg avtale må godkjennast av Rådet for EU og av Europaparlamentet.

Med helsing

Per S. Nestande
Stortingets Brussel-kontor